

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 02.09.2021

SAKLISTE

- GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
- GODKJENNING AV MØTEBOK
- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- VAL AV NYTT FORLIKSRAÐ
- AVSLUTTING AV UTGREIINGSFASE OG VIDARE PLANLEGGING MED TANKE PÅ KOMMUNAL OVERTAKING AV BYRKNES VASSVERK
- 2 UTGREIING AV VAL AV SYMJEBASENSG I GULEN

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 10.00

Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordførar

Frå ordføraren

Kjære alle.

Vel overstått sommar, ein sjelden fin sommar værmessig, og det har vore ideelt til å feriere i eige land, og spesielt Vestlandet. Det er slike somrar vi ser kor vakkert vi har det rundt oss.

Men no står hausten for døra, og det er Stortingsval den 13. september. I år vert vi oppmoda, alle som har bestemt seg, til å førehandsrøyste. For sjølv om dei aller fleste her i kommunen har fått første dose av koronavaksinen, så har vi hatt ei oppblomstring av smitte i det siste, og då mest i ungdomsmiljøet. Dette gjer at vi framleis må fylje smitteråda.



Dette har ført til at dei politiske partia her i kommunen har bestemt at den tradisjonelle paneldebatten på Dalsøyra ikkje vert i år. Dette er beklageleg, men vi får kome sterkare att neste gang.

No håpar vi alle at ting skal normalisere seg når det gjeld koronatiltak, og regjeringa lovar at det skal opnast opp att i september. Vaksineringa her i kommunen har gått veldig bra, og eg vil få takke alle som har stått på i det arbeidet, og i smittehandteringa og sporing. Vi har ein særskild dyktig gjeng som har stått skikkeleg på. Tusen takk.

Elles så skjer her mykje i kommunen vår, både Countryfestival og Utkantfestival har vorte arrangert, men i litt mindre skala enn vanleg. Det er godt at det sosiale liv kjem inn att i det normale gjenge att, det har vi venta lenge på.

Så vil eg til slutt oppmuntre dykk alle til å bruke stemmeretten dykkar no i haust. Hugs at di stemme betyr noko for kva samfunn vi vil ha.

Godt val.

Felles kontaktsenter

Det vert jobba med eit veldig spennande og nyskapande prosjekt der vi skal etablere eit felles virtuelt kontaktsenter for kommunane Gulen, Masfjorden, Samnanger og Osterøy.

Kommunane skal svare sentralbord for kvarandre, og målet er at ein større del av innbyggjarane skal få svar ved fyrste kontakt. Dette vil igjen gje meir effektiv saksbehandling.

Dette er ikkje ei flytting av arbeidsplassar. Dei tilsette i kontaktsenteret skal jobbe i den kommunen som dei er tilsett i dag, og dei vil få eit større fagleg fellesskap, og auka kunnskap og kompetanse. Samarbeidet vil også redusere sårbarheit ved å få eit større fellesskap rundt innbyggjarbetening.

Dette er eit stort prosjekt som vil påverke alle tilsette i kommunen og måten vi deler informasjon og kunnskap på. Prosjektet er også ein viktig del av dei andre digitaliseringsprosjekta som det vert jobba med i kommunen. Eit døme er den nye heimesida som inneheld god informasjon om dei kommunale tenestene. Vi har fokus på at det skal vere lett og finne fram til den informasjonen ein treng.

Heimesida er under stadig utvikling og vi vil ta i bruk fleire digitale skjema og chat-løysing for å hjelpe innbyggjarane og andre som treng informasjon om kommunale tenester.

Gulen og Samnanger skal vere pilot i kontaktsenterprosjektet og oppstart er 23.09.2021. Dei av dykk som tek kontakt med kommunen på vårt sentralbordnummer 57 78 20 00 vil då oppleve at tilsette i Samnanger svarar telefonen. I starten vil vi svare sentralbord og sette over til saksbehandlar, men etter kvart som dei tilsette i kontaktsenteret har fått tilført kunnskap innan ulike fagfelt, vil vi kunne svare ut fleire telefonar.

Pilotperioden vert veldig spennande, og vi har stor tru på at dette prosjektet vil auke servicenivået rundt innbyggjarbetening.

Gulatingseminaret 2021

Vi har den store gleda å kunne invitere til årets Gulatingseminar i Eivindvik Ungdomshus fredag 24.september kl 10:30 -17:00.

Årets tema er Ytringsfridom , og vi har eit bredt panel av føredragshaldarar.

Jostein H Kobbeltvedt (Rafto stiftinga), Leidulv Melve (UIB), Natalia Golis (Vestland Fylkeskommune), Kamzy Gunaratnam (Oslo Kommune), Pia Maria Roll (Scene Kunstnar) m /fl .

Pris kr 200 for lunch.

Påmelding til tone.ekerhovd@gulen.kommune.no

Ver velkommen !

Nytt frå Plan, landbruk og teknisk

Gulen kommune ynskjer å bidra til auka satsing i landbruket i kommunen.

Kommunestyret godkjente ny landbruksplan for Gulen kommune for 2021 – 2030 i kommunestyret 15.10.2020. Denne skildrar fokusområder og prioriteringar innan landbruksnæringa i kommunen. Hovudmålet er å «Vidareutvikle eit allsidig landbruk i Gulen».

I arbeid med denne planen kom det fram at det trengst fornying innanfor næringa. Dei fleste aktørane i næringa er i aldersgruppa 50 + . Desse gjer sjølvstøtt ein god jobb. Men skal næringa ha framtid. Må også yngre folk inn i næringa.

Likeeins ligg Gulen bak i høve til dei som er naturleg å samanlikne seg med, når det gjeld investeringar i landbruket.

Politikarane i Gulen kommune ynskjer å bidra til auka satsing i landbruket i kommunen ved å innføre slike ordningar: (Kommunestyresak 024/21, møte 12.05.2021.)

1. Tilskot til planleggingskostnader ved driftsutbygging. 75 % av eksterne kostnader, inntil kr. 50 000

2. Tilskot til nybygg

2.1 For nybygg i tradisjonelt landbruk og tilleggsnæringar: 3,5 % av kostnadsramme godkjent av Innovasjon Norge inntil kr 200 000,-

2.2 Refusjon av renteandel. Kommunen skal dekke 75 % av rentekostnad for lån inntil kr. 2 mill. Utbetalinga skjer etterskotsvis i 15 år etter lånet er innvilga.

3. Tilskot til kjøp og/eller generasjonsskifte av landbrukseigedomar i drift. Kr. 200 000,- dersom:

1. Eigedomen har vore driftssenter til eit føretak som har motteke produksjonstilskot i jordbruket 5 av dei 6 føregående åra

2. Heile eigedommen vert kjøpt som tilleggsjord til eit bruk med driftssenter i Gulen der føretaket har motteke

produksjonstilskot i 5 av dei 6 føregåande åra.

3. Eigedomen har vore driftssenter for eit føretak med planteproduksjon som har hatt næringsinntekt i landbruket 5 av dei siste 6 åra.

4. Kjøpar er under 45 år.

4. Tilskot til kjøp av mjølkekvote, kr 2,50 per liter.

Det vert innført driveplikt i minimum 5 år for punkt 2 – 4. Tilskotet vert kravd tilbakeført med 1/5 for kvart år dersom drifta blir lagt ned før 5 år etter kjøp for punkt 2 – 4.

Det er formannskapet som skal handsame ordninga.

Støtteordninga i landbruksplanen skal gjelde frå 01.01.2019

Det er ønskeleg at du som fell inn under ordninga på eit eller fleire punkt, tek kontakt med kommunen. Det same må du gjere om du lurar på noko rundt ordninga.

Helsing

Landbrukskontoret, Gulen kommune

Hjortejakta 2021

Så er ventetida snart over og jakta tek til 1. september. Dette er ein dato mange jegerar ser fram mot. Men så har ein tida fram til 23. desember for gode naturopplevingar og hausting av naturen.

I Gulen og dei valda i Masfjorden som er tilslutta Gulen og Masfjorden bestandsplanområde (GMbpo) er det tildelt 1223 løyver. Jakta i haust er siste i denne planperioden. Valda må då balansere uttaket slik at det stemmer med vedteken plan i GMbpo. For mange vil det seie å ta ut dei hodyra og kalvane dei ikkje tok ut dei to føregåande åra.

Jegerane i Gulen gjer ein stor jobb med uttaket av mange dyr. I fjor var fellingsprosenten på 89 % for kommunen og fleire vald har 100 % uttak.

Men sjølv om uttaket er stort, ser det ut til at stammen framleis er i vekst. Derfor er det viktig å ta ut dei kollene ein har att på kvoten. Like viktig er det å skyte kalv. Det

vil redusere rekrutteringa til stammen. Samtidig vil fleire dyr bli eldre av dei dyra som er i stammen. Dette vil vere positivt for slaktevekter.

Kommunen ønskjer at alle fellingar vert registrert digitalt på «Sett og skutt» appen på mobil eller i Hjorteviltregisteret på nett. Mange har teke desse registreringsmåtane i bruk alt og det er ønskeleg at alle gjer det. Dyra skal vegast og vekta skal registrerast. Dei som leiger ut jakt må også påsjå at leigejegarar føl opp forvaltninga ved å ta ut tilviste dyr og gjer omtala registreringar i appen.

Nytt av året er at fellingsrapporten, som er det juridiske dokumentet etter jakta, no kan leverast digitalt via Hjorteviltregisteret. Valdansvarlege skal ha fått informasjon om dette frå Naturdata. Gulen kommune ønskjer at alle nyttar denne måten for levering av fellingsrapporten. Treng ein hjelp, kan ein ta kontakt med kommunen eller Naturdata.

God jakt!

Info frå Sone-Eivindvik

Takk til Rannveig Nese /Spar Eivindvik:

Bebuarar og personell på Eivindvik bu- og omsorgssenter vil med dette rette ein stor takk til Rannveig Nese, som også i år stilte med grillmat til senteret, ifb. med Jonsok. Tusen takk!

Mvh Avd.spl. Kari Lise Ellingsen

Anne Karin D.Haveland
Fagleiar psykisk helse og rustenesta

Info frå Hukommelseteamet

Hjelp til både pårørande og personar med demens

Helsetenestene i Gulen kommune har eit ynskje om å komme tidleg inn i bildet når personar får ein demens diagnose. Dette er for å ivareta både personen med demens og deira pårørande.

Forskning viser at demens er ein sjukdom som ikkje berre påverkar helsetilstanden til personen som får diagnosen, men også deira pårørande. Når ein får ein alvorleg diagnose er det lett for at roller blir snudd om, og pårørande kan gå frå å vere til

dømes ektefelle til å bli ein omsorgsytar. Då er det viktig å ikkje vere redd for å be om hjelp. Med tidleg hjelp og tilrettelegging kan livet verte enklare både for pårørende og personen med demens. For å kunne bidra til at personar med demens får bu lengst mogeleg heime og for å ivareta helsa til begge parter kan det vere lurt å ta imot hjelp i heimen, og andre tilbod ein har i kommunen som til dømes dagsenter eller støttekontakt.

Inne på nettsidene til aldring og helse kan ein sjå små videosnuttar om «hjelp til pårørende», samt finne ulik informasjon og verktøy som kan hjelpe ein å meistre kvardagen med demens. Der ligg og informasjon om kva rettigheter ein har til tenester og oppfølging.

Om ein ikkje er kyndig med data kan vi i Hukommelsesteamet vere hjelpeleg med å skrive ut noko av den informasjonen.

<https://www.aldringoghelse.no/demens/paerorende/>

Har du spørsmål om demens?

23 12 00 40
Demenslinjen

E-post: demenslinjen@nasjonalforeningen.no

Hukommelsesteamet i Gulen:
Brita Eidnes, tlf. 90 14 92 84 og Synnøve B. Gill, tlf. 91 10 41 88

Nytt frå psykisk helse og rustenesta

Psykisk helse og rustenesta har fått ny kollega.

30. august byrjar Marte Bjørkelund Løvold i 100 % stilling. Vi gleda oss til samarbeidet og ynskjer henne velkommen i tenesta.

Frå 1. september skiftar vi og lokale, og vi vil ha kontor i same bygg som «Møteplassen» i Eivindvik.



Sommaravslutning i psykisk helse og rustenesta.

14. juli hadde psykisk helse og rustenesta sommaravslutning på Flolid. I nydelig sommarvær koste vi oss med deilig grillmat og trekkspillmusikk. 19 stk deltok. Etter maten ble det spasertur for å gje plass til kaffe og kaker.


Deretter reiste nokon vidare for å ha en natt i naturen. Turen gjekk til Langevatn på Eidsbotn. Der sat vi opp telt og hengekøye før vi tok eit forfriskande bad i vatnet. Vi padla kano og fiska. Solnedgangen såg vi frå Steinefjellet. Vel tilbake i campen blei det steikt ørret til kvelds medan vi nytte den fine sommarkvelden ved bålpanna.

Takk til Lars Svaberg for musikk, Geir Haveland for grilling, Dalsøyra idrettslag for lån av kano og BUA for lån av turutstyr.

Anne Karin D.Haveland
Fagleiar psykisk helse og rustenesta

Bileter frå sommaravslutninga i psykisk helse og rus:





Takk til frivillige parkeringsvakter ved vaksining

Her står to av dei fem frivillige parkeringsvaktene som har stått på sidan vaksininga starta opp i Gulen, og har jobba gjennom heile sommaren 😊





Dei har full kontroll på parkeringsplassen og sørger for at alt går trygt og ryddig for seg. Dette er ein utruleg viktig jobb for å unngå kaos og farlege situasjonar når så mange skal komme og gå i samme tidsrom.

Gulen frivilligsentral vil takke Mari Hendrix, Agnar Mostrøm, Tor Dagfinn Berge, Oddbjørn Opedal og Magny Berge for ein fantastisk innsats. Spesielt takk til Magny Berge som koordinerer arbeidet i samarbeid med vaksinasjonsteamet på Dalsøyra.

Vil og takke **Gulen Røde kors** for fantastisk frivillig arbeid.

Informasjon vedkomande stortings- og sametingsvalet 2021

Står du i manntalet?

For å kunne røyste ved stortingsvalet den 13. september i år – eller førehandsrøyste til dette valet – må du stå i manntalet.

Manntalet for Gulen er lagt ut i ekspedisjonen på kommunehuset. Du kan ringe ekspedisjonen på tlf 57 78 20 00, eller møte opp for å sjekke om du står i manntalet.

Dersom du har flytta til/frå ein annan kommune, og melding om flytting ikkje er motteken i folkeregisteret innan 30. juni 2021, står du framleis i manntalet i den kommunen du flytta ifrå. Då kan du velje om du vil røyste på valdagen i den kommunen du har flytta frå, eller om du vil førehandsrøyste i Gulen kommune – eller i ein annan kommune.

Dersom du meiner det er feil eller manglar ved manntalet, må du gje melding til valstyret. Krav om retting skal vere skriftleg og grunngjeve, og skal sendast Gulen valstyre, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik. Valstyret vil oppdatere manntalet så lenge det er praktisk råd.

Førehandsrøysting

Ordinær førehandsrøysting tek til **10. august** og er mogeleg fram til og med **10. september**.

Førehandsrøystinga finn stad ved ekspedisjonsavdelinga i Gulen kommune kvar arbeidsdag mellom kl 09:00 og 15:00.

Torsdag 09.september kan du førehandsrøyste på kommunehuset fram til kl 18:00.

I tillegg vert det førehandsrøysting i krinsane - **FOR ALLE INTERESSERTE** - på Vidsyn og på skulane desse datoane:

Stad	Dato	Tid
Vidsyn, Sløvåg	fredag 3. september	kl 13.00 – 19.00
Byrknes skule	laurdag 4. september	kl 12.00 – 14.00
Dalsøyra skule	laurdag 4. september	kl 12.00 – 14.00
Brekke skule	laurdag 4. september	kl 12.00 – 14.00

Grunna korona har Valstyret bestemt at det kun er bebuarar og tilsette som kan førehandsrøyste på institusjonane:

Stad	Dato	Tid
Gulen sjukeheim	fredag 3. september	kl 11.00 – 13.00
Eivindvik bu- og omsorgssenter	laurdag 4. september	kl 10.00 – 13.00
Brekke bu- og omsorgssenter	laurdag 4. september	kl 10.00 – 11.30
Byrknes bu- og omsorgssenter	laurdag 4. september	kl 10.00 – 11.30
Dalsøyra bu- og omsorgssenter	laurdag 4. september	kl 10.00 – 11.30

Vi ynskjer å oppfordre innbyggjarane i Gulen kommune om å førehandsrøyste dersom de har moglegheit til det. Dette er i samråd med smittevernråda; for å unngå køar og samling av mange folk på valdagen.

Heimerøysting

Er det vanskeleg for deg å ta deg til eit vallokale under førehandsrøysteperioden eller på sjølv valdagen, skal du få tilbod om å kunna førehandsrøyste heime.

Frist for å be om å få røyste heime er fredag 10. september kl. 10:00. Dersom du er i isolasjon eller karantene pga. korona, er fristen måndag 13. september kl. 10:00.

Det er ingen formelle krav til innhaldet i søknaden, men det må gå fram at veljar ikkje er i stand til å førehandsrøyste ein annan stad.

Søknad sendast anten:

- skriftleg til Gulen valstyre, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik
- per telefon 57 78 20 00
- per epost til postmottak@gulen.kommune.no

Ved heimerøysting kjem to valmedarbeidarar frå kommunen heim til veljaren. Valmedarbeidarane har med et "minirøystelokale" med røystesetlar, valurne og alt anna som trengs. Dei som røyster heime, må hugse å ha legitimasjon tilgjengeleg.

Røysting på valdagen 13. september

Valdagen den 13. september må du røyste i den kommunen der du var registrert i folkeregisteret som busett 30. juni 2021.

Her er eit oversyn over vallokala i Gulen ved Stortingsvalet 2021.

Krins:	Røystestad:
Eivindvik	Kommunehuset, 2. etg.
Brekke	Risnehall samfunnshus
Byrknes	Byrknes skule
Dalsøyra	Dalsøyra samfunnshus

Røystetid på valdagen er kl. 10.00–18.00 i alle krinsane.



Hjelp i røysteavlukke

Dersom du har behov for hjelp i røysteavlukke, kan du få det av ein av valmedarbeidarane. I heilt særskilte høve (alvorleg psykisk eller fysisk funksjonshemming) kan du få peike ut din eigen hjelpar i tillegg til valmedarbeidaren.

Kva må eg ha med til røystelokalet?

Vallova seier at ein veljar som er ukjend for røystemottakar skal legitimere seg. **Ta derfor med legitimasjon når du skal røyste**, både ved førehands- og valdagsrøysting. Legitimasjon kan til dømes vere pass, førarkort eller bankkort med bilete.

Dersom du oppheld deg på ein institusjon som sjukeheim, sjukehus eller fengsel, kan du få ein tilsett ved institusjonen til å stadfeste identiteten din.

Ta med **valkortet** i tillegg. Det lettar arbeidet for valfunksjonærane, og det går raskare for deg å røyste. Har du gløymt det, får du likevel røyste.

I år vert valkortet sendt til di digitale postkasse eller til Altinn. Dersom du har reservert deg mot, eller ikkje nyttar digital informasjon frå det offentlege får du valkortet ditt tilsendt på papir.

Godt val!